



Norrdal kommune  
Postboks 144  
6211 VALLDAL

## **Informasjon om innbyggjarhøyring i veke 3 og 4 i 2018 - bygdene Norddal og Eidsdal i Norddal kommune**

Fylkesmannen vil med dette infoskrivet gjere greie for telefonundersøkinga som skal gjennomførast i samband med vår utgreiing av grensejustering. Dette gjeld mogleg grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal i Norddal kommune over til Stranda kommune.

Opinion AS vil på oppdrag frå Fylkesmannen gjennomføre telefonundersøkinga.

Norrdal kommune fekk oppdraget med å samle inn telefonnummer til alle innbyggjarar over 16 år i Norddal og Eidsdal. Alle tilgjengelege telefonnummer frå denne lista vil bli ringt opp inntil 10 gonger. Det vil i telefonundersøkinga bli stilt eitt hovudspørsmål med tre svaralternativ.

Resultatet frå telefonundersøkinga vil være klart i veke 6, og blir då sendt over til kommunen og søkar for bygdene Norddal og Eidsdal.

Fylkesmannen vil i løpet av veke 1 sende faktagrunnlaget omkring grensejusteringa til Norddal kommune med kopi til søkar for bygdene Norddal og Eidsdal.

Vi oppmodar kommunen om å legge ut all informasjon om utgreiinga/telefonundersøkinga av grensejusteringa på sine heimesider, og synleggjere for innbyggjarane kva slags telefonnummer som ringer dei opp i undersøkinga. Fylkesmannen legg også ut aktuell informasjon på våre [heimesider](#).

### **Sjå viktig informasjon i vedlegget**

Med helsing

Rigmor Brøste  
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

1 VIKTIG INFORMASJON

Kopi:

Else Ragni Ytterdal Gullsmedvegen 11 6214 NORDDAL